

KOMMISJONSVEDTAK

2005/EØS/49/03

av 25. juli 2002

om godkjenning av den planen som Frankrike har lagt fram for utrydding av klassisk svinepest hjå viltlevande svin i Moselle og Meurthe-et-Moselle(*)*[meldt under nummeret K(2002) 2826]***(Berre den franske teksta er gyldig)**

(2002/626/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA
HAR —med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske
felleskapet,med tilvising til rådsdirektiv 2001/89/EF av 23. oktober 2001
om fellesskapstiltak for bekjempelse av klassisk svinepest⁽¹⁾,
særleg artikkel 16 nr. 1, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) I april 2002 vart det påvist utbrot av klassisk svinepest hjå viltlevande svin i departementet Moselle i Frankrike, ved grensa til departementet Meurthe-et-Moselle, Luxembourg og Tyskland.
- 2) I samsvar med artikkel 16 i direktiv 2001/89/EF har dei franske styresmaktene lagt fram ein plan for utrydding av klassisk svinepest hjå viltlevande svin i Moselle og i det tilgrensande departementet Meurthe-et-Moselle.
- 3) Den nemnde planen er vorten granska og funnen å vere i samsvar med føresegnene i direktiv 2001/89/EF.

- 4) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

Den planen som Frankrike har lagt fram for utrydding av klassisk svinepest hjå viltlevande svin i Moselle og Meurthe-et-Moselle, er godkjend.

Artikkel 2

Dette vedtaket er retta til Republikken Frankrike.

Utfjerda i Brussel, 25. juli 2002.

For Kommisjonen

David BYRNE

Medlem av Kommisjonen

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EFT L 200 av 30.7.2002, s. 37, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 100/2003 av 26. september 2003 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til Den europeiske unions tidende nr. 64 av 18.12.2003, s. 3.

(¹) TEF L 316 av 1.12.2001, s. 5.